

# Fast Gjevarteneste med Skattefrådrag



*ims*



 **BRANDØY**  
Misjons- og konferansesenter



**Helgatun**

Skjemat kan sendast til: IMS, Postboks 150, 5401 STORD



Indremisjonssamskipnaden (IMS) driv arbeid i 18 kommunar og er ein samanslutning av ca. 165 lag. IMS har 11 personar på lønningslista, i større eller mindre stillingar.

IMS eig Framnes Eigedom og driv Framnes Vidaregåande Skule i samarbeid med Indremisjonsforbundet (ImF). IMS eig Brandøy Misjons- og konferansesenter, Helgatun Fjellpensjonat og er medeigar i SunnBok.

IMS vert drive gjennom frivillige gåver frå lag, foreiningar og privatpersonar. Myndigheitene har lagt til rette for at privatpersonar kan gje gåver til frivillige organisasjonar, og få skattefrådrag på gåvene. I 2018 kan ein få frådrag på samla gåver inntil kr. 40.000 pr. år. Då ordninga vart innført var det skattefrie beløpet kr. 6000,- pr. år.

Ein kan velja å gje heile gåva ein stad, eller dela opp beløpet, det vert markert i skjemaet.

Den som allereie er gjevar, men ynskjer å endra gåvebeløpet gjer det enkelt ved å markera det i skjemaet, og fylla inn nytt gåvebeløp, eventuelt ringa Indremisjonsforbundet tlf. 56 31 42 40 eller senda mail til [imf@imf.no](mailto:imf@imf.no). Bankane krev at det ligg eit maksbeløp/beløpsgrense på AvtaleGiro-avtalen. Vert gåvebeløpet endra til eit beløp som går ut over det som vart oppgjeve når avtalen vart inngått, kan dette endrast i nettbanken eller ved å kontakta banken.

Myndigheitene har som krav at organisasjonar som nyttar seg av ordninga med skattefrie gåver må vera landsdekkande. Difor går gåver som vert gjevne til IMS via Indremisjonsforbundet, og vert vidaresendt frå dei. Husk at dersom ein ynskjer gåva skal til IMS er det viktig at ein nyttar KID-nummeret på giroen som vert tilsendt, eller tydeleg skriv i merknadsfeltet at det er gåve til IMS.

Ynskjer du vera med som fast gjevar fyller du ut skjemaet og sender det i retur til IMS, Postboks 150, 5401 Stord.

**Brandøy** ynskjer å vera med å leggja til rette for at menneske får møta Jesus. Gjennom tenlege lokale, uteområde, aktivitetstilbod og god mat ynskjer dei at folk i alle aldersgrupper skal finna seg godt til rette og ha eit fint opphald. Det er verdfullt å kopla av frå kvardagen og oppleva å få påfyll. Gjennom leirar og forsamlingshelger får born , unge og vaksne oppleva fellesskap med kvarandre og med Jesus. Fleire får bli kjent med Jesus for første gong når dei er på leir, og mange blir styrka i trua og oppmuntra til framleis å halda blikket festa på Jesus.

**Helgatun** er misjonsstasjonen midt i det yrande livet i Myrkdalen. Mottoet «Ekte livsglede i eit varmt og inkluderande miljø» er viktig å ha fokus på i ei uroleg tid der mange kjenner på utryggheit og einsemd. Helgatunnamnet tyder «Eit tun helga til Herren», og er eit flott utgangspunkt for arbeidet blant born, unge, vaksne og eldre. Mange set pris på det alkoholfrie tilbodet fjellpensjonatet er. I vintersesongen ligg Helgatun midt i skiendoradoet Myrkdalen med mange skitrek, slalåmbakkar og langrennsløyper. Vår, sommar og haust er Helgatun eit ypparleg utgangspunkt for turar i nærområdet eller på Vikafjellet.